

Lærdal kommune

# Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern

## Temaplan

Godkjend i kommunestyre 12.02.2009

**Lærdal kommune**

# Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern

# Temaplan

Godkjend i kommunestyre 12.02.2009

# Føreord

Planen, som er ein tematisk kommunedelplan, har som hovudmål å vera ein kunnskapsbase og forvaltningsplan for landbruksressursane, kulturlandskapet og kulturminna i kommunen.

Plandokumentet er utarbeida av kulturvernkonsulenten og sakshandsamar på landbrukskontoret.
Kartmaterialet er utarbeida av plan- og byggesaksavdelinga.

*Lærdal kommune*
*Februar 2009*

*Magnhild Aspevik*
*sakshandsamar – landbruk*

*Kåre Hovland*
*kulturvernkonsulent*

*Lasse Sælthun*
*rådmann*

Foto i planen: Magnhild Aspevik

# Innhald

## Samandrag

## 1. Innleiing
1.1. Bakgrunn ………………………………………………………………… 5
1.2. Formål……………………………………………………………………… 5
1.3. Overordna planar – tilhøve til andre planar……………………………… 5
1.4. Avgrensing av planområde………………………………………………… 5

## 2. Kulturminne
2.1. Kva er kulturminne og kulturmiljø……………………………………… 6
2.2. Materielle kulturminne frå nyar tid …………………………………….. 6
2.3. Samspel mellom vern av fortida og framtidsretta tiltak………………… 7
2.4. Lovverk …………………………………………………………………… 7
2.4.1. Kulturminnelova………………………………………………………… 8
2.4.2. Naturvernlova…………………………………………………………… 8
2.4.3. Plan og bygningslova…………………………………………………… 8
2.5. Forvaltning………………………………………………………………… 8
2.5.1. Lærdal og kulturminneforvaltning……………………………………… 9
2.5.2. SEFRAK og evaluering av kulturminne i Lærdal kommune 1995…………… 9

## 3. Landbruk og kulturlandskap
3.1. Det gamle jordbrukslandskapet…………………………………………… 10
3.2. Det aktive jordbruket i Lærdal …………………………………………… 10
3.3. Skogbruk som næring……………………………………………………… 11
3.4. Utmarka…………………………………………………………………… 12
3.5. Tilleggsnæring i landbruket…………………………………………….. 12

## 4. Handlingsprogram
4.1. Mål for bruk og vern…………………………………………………….. 13
4.2. Haldningsskapande arbeid og informasjon……………………………… 13
4.3. Kulturminnevern……………………………………………………….... 14
4.3.1. Retningsliner for sakshandsaming…………………………………….. 14
4.4. Forvaltning av landbruksressursane i Lærdal…………………………… 18
4.4.1. Kommunal strategi……………………………………………………… 18
4.4.2. Nasjonale mål og føringar ……………………………………………… 18
4.4.3. Reglar for omdisponering og deling av fulldyrka jord………………... 18
4.4.4. Busettingsmønster – bygningar i landbruket………………………….. 18
4.4.5. Viltforvaltning…………………………………………………………… 18
4.5. Økonomiske verkemiddel ……………………………………………… 19
4.6. Konkrete tiltak………………………………………………………….. 20

## 5. Skjematisk omtale av kjerneområda
5.1. Kjerneområde kultur/kulturmiljø – brun skravert sirkel på kartet……………… 22
5.2. Kjerneområde landbruk og kulturlandskap ……………………………… 31
5.2.1. Areal godt eigna for matproduksjon – grøn farge på kartet………………. 31
5.2.2. Areal med viktig kulturlandskap – oransje farge på kartet…………………… 34

## 6. Kart

# Samandrag

Lærdal kommunestyre vedtok 15.12.2005 å starta opp med å utarbeida ein kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern. Planutvalet gjorde det formelle oppstartsvedtaket den 11.05.2007 i sak 057/07. Ein føresetnad var at kommunedelplanen skulle presenterast som eitt dokument då kultur og landbruk på mange måtar er fletta i hop i Lærdal.
Administrasjonen har kartlagt kjerneområde for landbruk og utarbeidd rapport over dei viktigaste kulturminne/kulturmiljø i kommunen. I denne omgang har ein avgrensa seg til fjordbygdene, hovuddalføret og nokre sentrale stølsområde langs hovudvegane. Desse kartleggingane og rapportane er grunnlaget for kommunedelplanen.
Planen er i tråd med nasjonale og fylkeskommunale mål og føringar, og i samsvar med Lærdal sin kommuneplan, mål og strategiar, 1999-2010, området natur, miljøvern og arealbruk.

**Kulturminne**
Planen tek føre seg tema kulturminne, kulturmiljø og materielle kulturminne frå nyare tid. Kulturminne og kulturmiljø er avgrensa og ikkje fornybare ressursar som samfunnet må forvalta slik at mangfaldet ikkje forsvinn.
Med velvilje og tilrettelegging kan kulturminnevern og framtidsretta tiltak gå hand i hand.

**Landbruk og kulturlandskap**
Det gamle, mosaikkprega jordbrukslandskapet med mindre slåttemarker og mange spor frå den eldre jordbruksdrifta, er ein kulturlandskapstype me finn mykje av i Lærdal. Det er både nasjonalt og lokalt viktige område i kommunen.
I hovuddalføret vert det drive jordbruk frå Lærdalsøyri (ved sjøen) og heilt opp til Maristova, som ligg omlag 800 moh.
Dei klimatiske forholda, og den lettdrivne sandjorda me finn i store deler av Lærdal, gjev lærdalsbonden mogelegheit til å starta våronna tidlegare enn elles i distriktet. Dalen har gode forhold for dyrking av korn, grønsaker, poteter, frukt og bær. Kommunen har store utmarksområde med gode beite for husdyr.

**Handlingsprogram**
Lærdal kommune må vera varsame med inngrep og omdisponeringar i område som er viktig for matproduksjon og kulturlandskap, og som har verdfulle kulturminne og kulturmiljø.
Haldningsskapande arbeid og informasjon er ein viktig faktor i dette arbeidet.
Lærdal kommune skal systematisk og målretta arbeida vidare med forvaltning av verdiane innanfor kulturminne, kulturmiljø, kulturlandskap og landbruk. Det vert lagt opp til bruk og vern av desse ressursane til beste for kommande generasjonar.

**Skjematisk omtale av kjerneområde**
Kjerneområde kultur-kulturmiljø, kjerneområde landbruk og kjerneområde kulturlandskap er kartfesta og skjematisk omtala.

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn

I møte 11.05.2007 sak 057/07, har planutvalet godkjent oppstart av ein planprosess for kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern.
I forkant av dette oppstartsvedtaket gjorde Lærdal kommunestyre vedtak (15.12.2005) i samsvar med plan- og bygningslova § 20-1, om å starte opp arbeidet med utarbeiding av kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern.
I det vidare planarbeidet har administrasjonen utarbeida rapport over kulturminne og kulturmiljø og kartlagt kjerneområde landbruk. Desse rapportane er grunnlag for utarbeiding av kommunedelplanen.

## 1.2. Formål

***Hovudmål***
***Synleggjering og forvaltning av dei store verdiane innanfor fagfelta kulturminne, kulturmiljø, kulturlandskap og landbruk i Lærdal kommune.***

Planen har som hovudmål å vera ein kunnskapsbase og forvaltningsplan for landbruksressursane, kulturlandskapet og kulturminna i Lærdal kommune. Planen skal vere rådgjevande for anna planlegging i kommunen, og for forvaltning av både landbruksressursane og kulturminna i enkeltsaker. I tillegg skal den vera eit fagleg grunnlag for informasjon og rettleiing.
Planen vert ein tematisk kommunedelplan, og har ikkje juridisk bindande retningsliner.
I Lærdal er kultur og landbruk på mange måtar fletta i kvarandre. Difor har kommunen valt å laga ein kommuneplan som tek føre seg begge tema. Der landbruket har vore aktivt opp gjennom generasjonane finn me og kulturminne. Mange av desse kulturminna og kulturmiljøa er framleis intakt, og dei lokale kulturmyndigheitene er opptekne av å ta hand om desse på best egna måte.
Som i resten av landet, har landbruket i Lærdal endra seg i takt med samfunnsutviklinga. Det moderne og effektive landbruket har overteke arenaen, men framleis er det gardbrukarar i kommunen som held det gamle landbrukslandskapet i hevd.
Med denne kommunedelplanen ynskjer kommunen å legga til rette for bruk og vern av både det gamle og det nye landbrukslandskapet, og kulturminne og kulturmiljø. På denne måten kan Lærdal kommune ta vare på desse verdiane for kommande generasjonar.

## 1.3. Overordna planar – tilhøve til andre planar

Lærdal kommune sin kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern skal samsvare med andre overordna og samanliknbare planar. Nasjonale mål og føringar for utvikling og forvaltning av landbruk, kulturlandskap og kulturminne må ligge til grunn for kommunale vedtak.

## 1.4. Avgrensing av planområdet

Avgrensinga på registrerings- og planarbeidet i denne omgang er fjordbygdene, hovuddalføret og nokre sentrale stølsområde langs hovudvegane. Høgfjellsområda i kommunen er ikkje teke med.

# 2. Kulturminne

## 2.1. Kva er kulturminne og kulturmiljø?

***Med kulturminne meiner vi her alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, og lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.***
***Med kulturmiljø er meint område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Det som tidlegare var nemnt som fornminne (funn frå oldtid og mellomalder) er her og kalla kulturminne.***
Vi kan dela kulturminna inn i to kategoriar: materielle og immaterielle.
Materielle kulturminne er faste, konkrete og fysiske som hus, bygningar, vatningsveiter, steingardar, vegar, bruer og liknande. Dei fortel oss korleis menneska har teke landskapet i bruk, utnytta ressursane og utvikla samfunnet. Immaterielle kulturminne som song, dans og tradisjonar vert ikkje tekne med i denne omgang.
Vi kan og skilja mellom lause kulturminne som flyttbare gjenstandar, og faste kulturminne. Vern i våre dagar fokuserer meir på heilskapen, kulturmiljøet, enn enkeltobjekt og -funn. Synet på kva som er kulturminne har og endra seg opp gjennom tidene. Verneinteressene var lenge konsentrert om fornminne frå vikingtida, stavkyrkjer og andre minne frå dei eldste tider.
Lærdal har kulturminne og kulturmiljø, ikkje berre av lokal interesse, men og av regional og nasjonal interesse som Borgund stavkyrkje, dei historiske vegane og Gamle Lærdalsøyri.
Natur og kultur er viktige ressursar for reiselivet. Dersom vi ikkje tek vare på den sårbare kulturarven, fell mykje av grunnlaget for turistnæringa bort. Ei undersøking blant kommuneleiarar NHO Reiseliv utførde i 2007, slo fast at reiselivet er ei av dei næringane som har størst potensiale.





*Vindhella, Borgund stavkyrkje og motiv frå Gamle Lærdalsøyri*

## 2.2. Materielle kulturminne frå nyare tid

Planen vil i hovudsak handla om faste kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid som ikkje er automatisk freda, det vil sei frå etter år 1537.
I mange høve er kulturminna den einaste kunnskapskjelda ein har om fortida. Gjennom å oppleva dei får me vita korleis forfedrane våre livnærte seg, kommuniserte, dyrka gudstrua si og eventuelt forsvara seg.
Det er store sprang mellom prangande kulturminne som store katedralar og oldtidsruinar i utlandet til den vesle stavkyrkja vår, ein gammal vegstubb, ein liten kjellarmur, restane etter ein husmannsplass, ei kvern eller ei unnseleg rydningsrøys. Likevel, alle fortel si historie.
Kulturminna vil vera identitetsskapande og gje området serpreg. Dei fleste kommunane ønskjer å markera seg gjennom si historie, tradisjonelle næringsgreiner eller spesielle

hendingar. Dette er så viktig at det ofte går att i kommunevåpna rundt om. Lærdal vil gjerne markera seg med veghistorie, byggeskikk, jordbruk, laksefiske og historiske hendingar. Kommunevåpenet vårt er drakehovuda på Borgund stavkyrkje.
Kvart einaste kulturminne er einestående og uerstatteleg. Når eit gullhorn frå jernalderen vert stole og kjem bort, ei kyrkje brenn ned eller ei gravrøys jamna med jorda, er desse klenodia tapt for all framtid. Dermed vert også ei kjelde til kunnskap, bruk og oppleving for dagens og komande slekter borte for alltid.

## 2.3. Samspel mellom vern av fortida og framtidsretta tiltak

Kulturminne og kulturmiljø er avgrensa og ikkje fornybare ressursar som samfunnet må forvalta slik at mangfaldet ikkje forsvinn.
Moderne maskiner og driftsmåtar gjer at endringane i landskapet no vert mykje meir omfattande enn før. Nydyrking, minikraftutbygging, husbygging, veg- og hytteutbygging krev areal der det kan finnast synlege og usynlege kulturminne. Bønder, tomteeigarar, veg-, kraft- og hyttefeltutbyggjarar møter ofte kulturminna som ein ekstra kostnad og hindring for tiltaket. Dei automatisk freda kulturminna er verna av lovverket og vert tekne hand om av fylkeskommunen og musea, medan nyare kulturminne ofte kan få ein meir ublid lagnad. Sjølv om kulturlandskapet som oftast er uregulert og inngår som LNF-område i kommunen sin arealdel, så er dispensasjonar ikkje uvanleg, og uheldige tiltak kan verta godkjende. Til dømes kan dei mange små- og minikraftutbyggingane koma i konflikt med nyare kulturminne langs vassdraga eller i utbyggingsområdet. Ombygging av hus og nye tiltak kan og vera trugsmål mot bygningsmessige kulturminne og miljø då tiltak kan bryta i form og materialbruk med det opphavelege miljøet, samt manglande tilpassing og historisk omtanke i planarbeidet. Tankelaus skade og herverk kan og førekoma.



*Rehabilitert bustadhus på Spangelo*

Med velvilje og tilrettelegging kan kulturminnevern og framtidsretta tiltak gå hand i hand. Mange ser no på kulturminna som ein ressurs for tiltaka heller enn ei hindring i utviklinga. I statsbudsjettet for 2008 er det sett av midlar til å dekka kulturminneundersøkjingar for mindre tiltak i privat regi. Nye tilskotsordningar i landbruket stimulerer til å ta vare på kulturminna, kulturmiljø og kulturlandskapet. I moderne næringsutvikling har kulturminna no ein sjølvskriven plass. Det er sagt at kulturminne utgjer søyler gjennom tid, medan samfunnet endrar seg. Kulturarven kan vera ein viktig aktør i stadsutviklinga for Lærdal.

## 2.4. Lovverk

Aktuelle lover er:

1. Kulturminnelova av 9. juni 1978
2. Naturvernlova av 19. juni 1970
3. Plan- og bygningslova av 14. juni 1985

I tillegg er det ei rekkje andre lover som og grip inn i kulturminnevernet.

### 2.4.1. Kulturminnelova

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova. Automatisk freda kulturminne kan vera middelalderbygningar, gravhaugar, buplassar eller vegfàr. Lova markerer at kulturminne er mykje meir enn fornminne som ligg i jorda og er freda. Likevel vert eit stort tal borte årleg, nokre uloveleg, nokre lovleg. I perioden 1997-2004 vart det føreteke ei undersøking i 18 kommunar i landet over statusen til alle kjende automatisk freda kulturminne, 8775 i talet. Av desse gjekk 685 kulturminne tapt i denne perioden, 75 % ulovleg, i følgje undersøkinga som og slår fast at landbruket står bak flest skader.
Av og til er det nødvendig å freda kulturminne som ikkje er automatisk freda. I Lærdal er nokre bygningar, gardstun og andre kulturminne med spesiell verdi freda ved enkeltvedtak etter §15 i kulturminnelova. Etter denne paragrafen kan ein og freda midlertidig eit kulturminne som ein trur er fredningsverdig og som står i fare for å bli rive eller øydelagt. Etter §19 kan ein freda eit område som er stort nok til å ta vare på eit kulturminne og etter §20 kan eit heilt kulturmiljø fredast som til dømes eit bygningsmiljø, kulturlandskap eller andre område som kan definerast som ein funksjonell heilskap. Kulturminnelova er det sterkaste verkemidlet vi har i kulturminnevernarbeidet. Riksantikvaren og fylkeskommunen har myndigheit her.

### 2.4.2. Naturvernlova

Naturvernlova er ikkje så viktig i denne samanheng, men verkar på kulturminne innafor nasjonalparkar.

### 2.4.3. Plan- og bygningslova

Dei fleste kulturminne er ikkje freda, men like fullt kan dei ha stor verdi. Skal kulturminneressursane for kommande generasjonar sikrast, er det ikkje på langt nær tilstrekkeleg med Riksantikvaren og andre statelege og fylkeskommunale instansar.
Gjennom plan- og bygningslova har kommunen eit viktig verkemiddel når det gjeld formelt å kunna verna enkeltobjekt eller større grupper med kulturminne. Verneplanen for Gamle Lærdalsøyri er eit eksempel.
Kulturminne og kulturmiljø kan i fyrste rekke sikrast gjennom kommuneplanar og reguleringsplanar. Ei rekke bygge- eller anleggstiltak krev kommunal saksbehandling og løyve. Ein kommuneplan for kulturminnevern bør bli ei god rettesnor for politikarar, administrasjon og publikum, og skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen.

## 2.5. Forvaltning

Kulturminneforvaltninga har Miljøverndepartementet som øvste forvaltningsorgan. Riksantikvaren (RA) er eit rådgjevande organ under departementet, og er overordna fylkeskommunen si kulturavdeling, som har det formelle forvaltningsansvaret for dei automatisk freda kulturminna saman med nasjonale musé som Historisk museum i Bergen.
I 1990 vart fylkeskommunen etablert som regional kulturminneinstans med myndigheit innan arkeologi og bygningsvern. Fylkeskommunen har også ei viktig rolle som høyringsinstans etter Plan- og bygningslova, og skal leggja til rette for at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar.
Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminneomsyn, mellom anna ved bruk og utbygging av kommunen sitt areal, og ser no ut til å få meir og meir forvaltningsansvar. Til no er det etablert lite oppsyn rundt nyare kulturminne; mykje på grunn av mangelfull registrering og små ressursar til forvaltninga. Økonomiske stimuleringstiltak for grunneigarar og kommune har det og vore mangel på.

Kommunen sin arealplan viser område regulert til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF-område) (Jfr. Pbl.§ 20-4, 2). Her vil dei fleste kulturminne og kulturlandskap finnast. Det er då viktig at saksbehandlaren har tilgang til opplysningar om mogelege kulturminne i området. Han kan då peika på mogelege tilpassingar før eventuelt løyve vert gjeve.

### 2.5.1. Lærdal og kulturminneforvaltning

Gamle Lærdalsøyri vart ved ruleringsplan regulert til bevaring i 1970. Frå og med 2006 vart ein ny forvaltningsplan lagt til grunn for bevaringsarbeidet, og ein revidert reguleringsplan for verneområdet er no under arbeid. I 1991 vart det utarbeidd ein kommunedelplan for strekninga Seltun-Borgund stavkyrkje som kulturhistorisk område for perioden 1991-2002.
Nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne (Statens vegvesen 2002) har med fleire vegmiljø i Lærdal, og legg opp til eigne verneføresegner for dei enkelte strekningar. Kommuneplanen 1999-2010, mål og strategiar, har eit kapitel -natur, miljø og arealbruk-, som omhandlar kulturminne og kulturlandskap.

### 2.5.2. SEFRAK og evaluering av kulturminne i Lærdal

På 1990-talet vart det gjort ei landsomfattande registrering kalla SEFRAK. Dette omfattar hus eldre enn 1900 og andre faste kulturminne frå tida etter 1537. I Lærdal vart det registrert i alt 1505 bygningar og restar etter bygningar. I 1995 vart det etter oppdrag frå fylkeskommunen gjort ei evaluering i Lærdal kommune på basis av SEFRAK-registreringane. Dette var eit ledd i kommuneplanarbeidet, og er i røynda ein plan for vern av bygningar og bygningsmiljø. Syner til Evaluering av kulturminner i Lærdal kommune av siv. ark. Camilla Mohr, 1995. Denne kommunedelplanen fører dette arbeidet vidare.

# 3. Landbruk og kulturlandskap

## 3.1. Det gamle jordbrukslandskapet



*Ryddingsrøyser, steingardar og slåttemarker på Rå*

Landskapet me omgjev oss med er forma og skapt på ulike måtar. Naturtilhøve, menneskeleg aktivitet, lover og reglar pregar i ulik grad vårt fysiske landskap – kulturlandskapet.
Kulturlandskapet, og ikkje minst det gamle jordbrukslandskapet, er viktig både for matproduksjon, reiseliv, kulturarv og identitet, rekreasjon og trivsel, og for det biologiske mangfaldet.
Det gamle, mosaikkprega jordbrukslandskapet med mindre slåttemarker og mange spor frå den eldre jordbruksdrifta, er ein kulturlandskapstype me finn mykje av i Lærdal. Det er både nasjonalt viktige og lokalt viktige områder i kommunen. Dette er ein landskapstype som i dag er under strekt press og i ferd med å forsvinna på grunn av attgroing, endring eller stans av eldre tradisjonelle driftsformer og ulike fysiske inngrep (t.d. vegbygging).
Det gamle og det nye jordbruket sitt kulturlandskap har ein viktig opplevingsverdi som lokalbefolkninga og andre gjer seg nytte av. Det er viktig å legge til rette for at ein kan ta vare på ein del av det gamle og verdfulle kulturlandskapet me finn i Lærdal kommune.

## 3.2. Det aktive jordbruket i Lærdal

Lærdal kommune ligg i Indre Sogn og har turt klima, eit av dei turraste i landet med årsmedel på 491 mm (kjelde: Det Norske Meteorologisk Institutt). Det aller meste av arealet som vert nytta til jordbruksføremål treng difor kunstig vatning for å få gode avlingar. Dette klimaet gjer og at det er svært lite snø om vinteren. Dei klimatiske forholda, og den lettdrivne sandjorda me finn i store deler av Lærdal, gjev lærdalsbonden mogelegheit til å starta våronna tidlegare enn elles i distriktet. Tidlegproduksjon av poteter og grønsaker har soleis eit betydeleg omfang. Klima og jordsmon legg forholda godt til rette for dyrking av korn.



*Morellehage*



*Korn og potetdyrking*

I hovuddalføret vert det drive jordbruk frå Lærdalsøyri (ved sjøen) og heilt opp til Maristova, som ligg omlag 800 moh. Erdal, Vindedal, Strendene og Frønningen har mindre intensiv jordbruksdrift.
Frå Lærdalsøyri og omlag 15 km oppover dalen, til Ljøsne, er det så og sei samanhengande jordbruksområde på begge sider av elva. Det meste av arealet ligg i dalbotnen, men i øvre halvdel ligg og viktige jordbruksområde oppå grusterrassane.
I denne delen av kommunen er det eit variert jordbruk med husdyrproduksjon (storfe, sau, gris og pelsdyr), dyrking av fôr, korn, poteter, grønsaker, frukt og bær.





*Det er allsidig dyrehald i Lærdal*

Vidare oppover hovuddalføret frå Ljøsne til Kyrkjevoll, er jordbruket meir spreidd. Her er drifta utelukkande husdyrproduksjon (storfe og sau) med ubetydeleg åkerbruk.
Frå Kyrkjevoll til Borlo er det samanhengande jordbruk omlag 13 km. Drifta er husdyrproduksjon (storfe, sau, gris og geit) med dyrking av fôr. Det er potensiale for potet- og bærproduksjon.
Frå Borlaug til Maristova er det spreidd jordbruk i om lag 7 km.
I Lærdal er det omlag 100 bruk i drift (kjelde: søknader om produksjonstilskot 2005). Trenden i kommunen er, som i resten av landet, færre og større driftseiningar. Nedgangen i Lærdal dei siste åra er ikkje stor, men merkbar. Spesielt ser ein at bruk med husdyrhald går attende, men samla jordbruksareal i drift er stabilt.
Samla jordbruksareal for Lærdal kommune er i dag 12 627 dekar som fordeler seg på 10 285 daa grovfôrareal og beite, 355 daa korn, 365 daa grønsaker, 926 daa poteter, 106 daa frukt, 171 daa morellar, 252 daa bær og 167 daa anna areal (kjelde: produksjonstilskot 2007).
Det har i ein del år vore dyrka jordbær og bringebær, både til fabrikk og konsum. Dei seinare åra har det kome i gang ein betydeleg morellproduksjon, som er i vekst. Lærdal er også einaste kommunen i Sogn og Fjordane med kornproduksjon og grønsaksdyrking av noko omfang.

## 3.3. Skogbruk som næring



*Tømmerdrift på Strendene*

Mange spor etter tømmerløyper, tjøremiler, løypestreng for ved, sagbruk og gamle lauvingstre vitnar om at skogen og utmarka har vore ein viktig og mykje nytta ressurs for Lærdal. Endra arealbruk frå 1950-talet, med mindre utnytting av utmarksressursane i dalsidene, førde til at lauvtrea fekk veksa opp. Dette lauvskogarealet kan i dag vera eit næringspotensial i form av uttak av bioenergi.

Ved sidan av at det er planta granskog i t.d. Vindedal, har Lærdal også meir tradisjonsrike furutømmerskogar på m.a. Frønningen og Strendene. Desse to områda har vore i drift heilt til våre dagar. Drifsøkonomien i skogbruket, og tilgang til alternative inntektskjelder, er faktorar som har gjort at skogen i dag ikkje vert høgt prioritert å ta ut.

## 3.4. Utmarka



*Murane etter utmarksløe på Tynjadalen*

Lærdal kommune har store fjellområde over skoggrensa og mange bratte skogkledde fjellsider. Av kommunen sitt areal på om lag 1300 kvadratkilometer, er berre 2-3% dyrka mark og busettområde.
Bruk av utmarka har lange tradisjonar i landbrukskommunen Lærdal, og spora er mange etter ulik bruk. Her kan nemnast hustufter etter husmannsplassar og utmarksløer, attgrodde slåttemarker og åkerland, stølar på fjellet og i dei bratte liene, vatningsveiter, lauvingstre, dyregraver og andre spor etter fangst i høgfjellet.
Utmarka er viktig som beite for husdyrhaldet i bygda, med klart potensiale for auke i denne næringa. Dei store fjellområda og dalsidene i kommunen har spesielt gode beiteforhald, som syner att i den gode kvaliteten på både mjølk og kjøt produsert av Lærdalsbonden. I tillegg er utmarka viktige leveområde for både hjort, rein, elg og rådyr.
Dei siste åra er det observert jerv i kommunen sine fjellområde. Dette har skapt uheldige skadeverknadar for mellom anna sau på beite. I tråd med nasjonal rovdyrpolitikk er det lisensjakt på jerv, og Statens Naturoppsyn har teke ut fleire jerv i fjellområda våre.
Utmarksareala i Lærdal er viktige for utøving av friluftsliv og rekreasjon, både for bygdefolk og tilreisande. Det er mange områder som er godt tilrettelagt for turgåing.
Potensialet for utnytting av utmarka i næringsutvikling, og som attåtnæring for dei gardsbruka som har utmarksareal tilgjengeleg på bruket, er stor.

## 3.5. Tilleggsnæring i landbruket

For å ha fleire inntektskjelder på gardsbruka kan det vere aktuelt med ulike tilleggsnæringar i tilknyting til den tradisjonelle gardsdrifta og utmarksressursane som høyrer til gardsbruket.
Utleige hytter og -hus til turistar er det fleire gardsbruk som har. Dette er ofte i kombinasjon med utleige av fiskerettar i elva, eller jakt og fiske på fjellet.
Geoturisme, økoturisme og ferie og fritid med oppleving er trendar i tida. Innanfor dette temaet er det klart potensiale for utvikling i Lærdal. Grøn omsorg -inn på tunet-, er og døme som har utviklingspotensiale.
Lærdalselvi med laksefisket har vore ei viktig attåtnæring for mange gardsbruk i Lærdal. Etter at elva vart smitta av lakseparasitten Gyrodactylus Salaris, har kampen for å få elva friskmeld vore meir i fokus enn fisket.
I dag har det vorte meir vanleg at gardbrukaren tek seg jobb utanfor bruket, i staden for å satse på tilleggsnæring i landbruket.

# 4. Handlingsprogram

## 4.1. Mål for bruk og vern

***Hovudmål***
***Lærdal kommune må vera varsame med inngrep og omdisponeringar i område som er viktig for matproduksjon og kulturlandskap, og som har verdfulle kulturminne og kulturmiljø.***

## 4.2. Haldningsskapande arbeid og informasjon

For å syna fram og bevisstgjera Lærdal kommune sine verdiar innanfor både landbruk og kulturminne, er haldningsskapande arbeid og informasjon eit tema som må på dagsordenen.
Dersom kulturminna skal verta ei kjelde for informasjon om vår eigen bakgrunn, lokal historie og identitet, trengst det systematisk tilrettelegging og formidling. Dette kan vera samarbeidsprosjekt mellom museum, lag, organisasjonar, kommunale etatar, fylkeskommunen og andre.
Kulturlandskapet, det gamle landbrukslandskapet, i dalen fortel ei historie om korleis tidlegare generasjonar har utnytta både innmarks- og utmarksressursane i gardsdrifta. Gardbrukarane som driv det intensive og aktive landbruket i kommunen har stor kunnskap om dei ulike produksjonane. For å sikre nasjonal og lokal matproduksjon, er det viktig å føre desse kunnskapane vidare.



*I pilotprosjektet om fiskeforvaltning lærer elevane mellom anna sløying av fisk*

Landbruksnæringa, andre interesseorganisasjonar og kommunen med kulturminne- og landbruksforvaltning må søkje samarbeid med skular å få desse faga meir inn i skulekvardagen. Pilotprosjekt fiskeforvaltning, som alle tre skulane i kommunen deltek i, er ein start på dette viktige arbeidet. Elevane som deltek i dette prosjektet lærer både om kulturhistorie og utnytting av naturressursane i Lærdal.
Det kan og nemnast at skuleelevar frå Årdal har ein årleg ekskursjon til Gamle Lærdalsøyri.
Lærdal Grønt si satsing innan bær- og morelleproduksjon dreg fagfolk og andre interesserte til bygdi for å sjå og læra meir om desse produksjonane.
Samarbeid med reiseliv mellom anna om skilting og utarbeiding av brosjyrar, kan gjera kulturminne og kulturlandskap interessante i reiselivssamanheng. Tilrettelegging, omfang og bruk må vera tilpassa kulturminnet, kulturmiljøet og landskapet si tåleevne.

## 4.3. Kulturminnevern

Kulturminna og naturressursane er hovudelement i ei samla miljø- og ressursforvaltning. Stortinget har gjeve tilslutning til følgjande mål:

- Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og ivaretakast som bruksressursar, og som grunnlag for oppleving og vidareutvikling av fysiske omgjevnader.
- Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv som kunnskapsressursar og som grunnlag for oppleving.

Fylkeskommunen seier i eit høyringsdokument om overordna planar og strategiar 2008-2011 på ein del utfordringar i kulturminnepolitikken:

- Kulturminne og kulturmiljø vert ikkje i tilstrekkeleg grad teke i bruk som ressursar i samfunnsutviklinga
- Kunnskapen om og erfaringane med bruk av kulturminne som ressursar er mangelfull
- Tapet av kulturminne akselerer samstundes som interessa for og merksemda rundt dei verdiane som ligg i kulturminne og kulturmiljø er aukande.

I følgje Lærdal sin kommuneplan for 1999-2010 er målsetjinga for området **Natur, miljøvern og arealbruk** å:

- Sikra ei best mogeleg forvaltning av natur- og kulturlandskapet i kommunen.
- Sikra kulturlandskap og kulturminne gjennom aktiv bruk.

Planen legg mellom anna opp desse strategiane for å nå desse måla:

- Ta vare på særpreg og synleggjera verdifulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø
- Utarbeida kulturvernplan

Andre strategiar bør vera:

- Setja av ressursar til forsvarleg kommunal kulturvernforvaltning
- Oppmuntra til god privat skjøtsel og bruk ved tilskotsordningar
- Syta for godt tverretatleg samarbeid i kulturminne- og kulturmiljøsaker
- Verdsarvstatus og turistvegstatus forpliktar kommunen når det gjeld forvaltning av kulturminne, natur og miljø

### 4.3.1. Retningsliner for sakshandsaming

*Desse retningslinene bør innarbeidast i reguleringsføresegnene når bygningen/anlegget vert regulert til spesialområde bevaring. For bygningar/anlegg som ikkje inngår i ein reguleringsplan, er desse retningslinene ei tilråding om måten å behandla einskildsaker.*

Siktemålet med denne delen av planen er å gje kommunen eit grunnlagsmateriale i arbeidet med å integrera kulturminnevernet i den kommunale planlegginga. Planen skal gje eit oversyn over og vurdering av objekta, og gje signal om kva verneinteresser som finst når det skal utarbeidast areal- og reguleringsplanar, og ved behandling av byggje- og rivingssaker. Samstundes skal planen fremja konkrete tiltak og høvelege verkemiddel. Ved utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar bør kulturkontoret kontaktast tidleg i planprosessen og trekkast inn i planarbeidet før 1. gongs saksbehandling i planutvalet.

**Verneklassar**
Som før nemnt vart SEFRAK-registreringane evaluerte, det vil sei, plasserte i **verneklasse A, B eller C** etter ein analysemodell utarbeidd av SEFRAK-registeret. (Viser til verneliste for Lærdal – bygningar og bygningsmiljø).
Dei 3 verneklassane refererer til det gjeldande regelverket innan kulturminneforvaltninga. Evalueringa er gjort etter ein metode som går ut på analysera, vurdera og fastsetja verneverdien til ein bygning eller eit kulturminne. Nærare om dette finn ein i Evaluering av kulturminne i Lærdal kommune. Fylkeskulturkontoret i Sogn og Fjordane 1995 ved siv.ark. Camilla Mohr.
Klasse A er fredningsverdige kulturminne, klasse B er bevaringsverdige, medan klasse C er resten av dei registrerte bygningane, i hovudsak bygningar/anlegg frå før 1900 der plan- og bygningslova sine generelle reglar gjeld (sjå vedlegg). Objekt som kjem til etter kvart, bør og plasserast i verneklassar tilnærma SEFRAK-registeret sine retningsliner.



*Luggenes på Strendene*



*Kvernhus ved Fosseteigen*



*Husmannsplassen Sande*

Byggesaker som gjeld hus og anlegg i verneklasse A og B og eventuelt regulert til spesialområde bevaring (Bevaringsområdet Gamle Lærdalsøyri har eigen forvaltningsplan, sjå den) skal behandlast av byggesaksavdelinga, men bør leggjast fram for kulturkontoret til uttale. Saker som gjeld riving og fjerning av kulturminne i klasse A skal behandlast av formannskapet.

For å sikra ei kulturminnefagleg vurdering skal kommunen melda frå til fylkeskommunen si kulturavdeling om riving eller ombyggingar av bygningar og anlegg som er, eller kan vera, oppført i periode 1650 til 1850. Meldinga omfattar alle tiltak som krev løyve etter plan- og bygningslova. Ståande byggverk frå 1537 til 1650 skal behandlast som automatisk freda når det føreligg erklæring frå kulturminnemyndigheitene at dei er frå dette tidsrommet.

Dersom det oppstår uventa eller nye problem under byggearbeida slik at godkjende planar må fråvikast, skal kommunen varslast. Avdeling for byggesaker saman med kulturkontoret og eigar bør då prøva å finna løysingar som også tilfredstiller vernekravet.

Ved restaurering, rehabilitering, endringar m.m. for bygningar/anlegg i verneklasse A og B skal ein så langt råd nytta føretak med kompetanse innan både prosjektering og utføring, og som har erfaring innan **nasjonal og lokal** byggeskikk. For prosjektering og kontroll av prosjektet krev ein sivilarkitektkompetanse. For utføring og kontroll av utføring krev ein meisterbrev eller antikvarisk bygningskyndig kompetanse.

Det er verneverdiar knytta til kvar einaste bygning/anlegg, anten dei er freda, regulert til bevaring, eller ikkje. Verdiane kan vera knytt til arkitektur og byggeskikk, kulturlandskap og miljø, samfunnsutvikling og tradisjonar. Dei treng ikkje berre vera knytt til estetikk eller alder. Bygningar/anlegg bør så langt råd er takast vare på i det opphavelege miljø. Ansvaret for vern ligg i fyrste rekkje på eigaren, men og på offentlege styresmakter, handverkaren og bygningsindustrien.

Når verneverdien av eit kulturminne eller kulturmiljø er slege fast, må dei praktiske konskvensane av vern sjølvsagt vurderast. Nokre faktorar er vesentlege:

a) Tilstand: Nokre kulturminne kan vera så forfalne at i standsetjing vil innebera vesentleg utskiftning av materialar. Autentisitetsverdien må vurderast i høve til andre delverdiar; kulturminnet kan vera ein uerstatteleg del av heilskapen og utfrå dette forsvara istandsetjing.
b) Økonomi: Økonomiske mogelegheiter for istandsetjing. Økonomiske tilskotsordningar og fagleg rettleiing vert vurdert her.
c) Konflikter: bevaring av kulturminnet kan koma i konflikt med andre samfunnsinteresser som t.d. vegprosjekt, kraftutbygging, nybygging av bustader, næringsbygg og fritidsbustader. Avveginga mellom dei ulike samfunnsinteressene ligg hjå politikarane i kommunen, fylkeskommunen og departement.

**Verneklasse A**

Kulturminne/anlegg i verneklasse A har svært høg verdi som ein i prinsippet ikkje skal akseptera å mista. Ideelt sett bør alle kulturminne i klasse A fredast etter Kulturminnelova, men eit siktemål for Lærdal må vera å laga reguleringsplan etter pbl. § 25 pkt. 6 til spesialområde bevaring for alle kulturminne i verneklasse A.

Det bør føreliggja vektige argument for å gjennomføra utvendige endringar på hus/bygg i verneklasse A. Ved vedlikehald skal ein ta vare på dei opphavelege eller gamle bygningselementa og detaljane så langt råd som kledning, vindauge, dører, listverk og overflatebehandling. Arbeid som ikkje medfører utskiftning av bygningsdeler eller endring av materialbruk, kan ein utføra utan at antikvariske myndigheiter vert varsla. Tiltak utover vanleg vedlikehald og arbeid som medfører endringar skal meldast til byggesaksavdelinga i kommunen. Om- og påbyggingar og fasadeendringar vil også vera meldepliktig etter plan- og bygningslova. Eigar må difor også søkja kommunen om byggeløyve.

*Utskifting:*

Desse endringane krev førehandsgodkjenning:

- Heil eller delvis utskifting av grunnmur, utvendige trapper, vegger eller tak
- Utskifting av utvendig veggkledning, verandaer, vindauge, dører, listverk og piper
- Endring av utvendig farge, overmåling av dekor

*Ombygging:*

Viktige prinsipp i ombyggingssaker:

- Bevara eksteriøret så langt råd er
- Enkelte høve nødvendig og viktig med ombygging for tilfredstillande bustandard
- Finna løysingar som tilfredstiller eigaren sitt behov og tek omsyn til antikvariske verdiar

*Påbygging:*
I ein del situasjonar vil påbygging vera den beste løysinga for å sikre framhald i bruken av ein verneverdig bygning. Påbygget bør ha rot i tradisjonelle løysingar. Alle tilbygg må godkjennast på førehand.

*Tilbakeføring*

Tilbakeføring til tidlegare utsjånad vert rekna som endring og må vurderast serskilt ved kvart einskild høve. Endringar ein bygning har gått gjennom over tid, kan vera interessant bygningshistorie som ein bør ta vare på.

**Verneklasse B**
Også verneklasse B er kulturminne med høg verneverdi. Dei har stor samfunnsverdi og er ein verdfull del av livsmiljøet, men har svakare vern enn klasse A. Her må ein akseptera meir at eigedommane kan gjennomgå endringar og tiltak som er meir for eigaren sine interesser enn etter antikvariske krav.
På samme måte som for verneklasse A gjeld at hovudprinsippet for vedlikehald er bevaring av opphavelege eller gamle bygningselement og detaljar så langt råd er: utvendig kledning, vindauger, dører, listverk og overflatebehandling.
For hus i verneklasse B skal om- og påbygningar, arbeid som fører med seg fasadeendring og større reparasjonar meldast til byggesaksavdelinga i kommunen. Ved mindre reparasjonar som inneber utskiftning av materialar eller andre inngrep, skal ein rådføra seg med kulturkontoret.

**Verneklasse C**
Her er alle bygningane som ikkje kjem inn under A og B av dei registrerte bygningane plasserte; i hovudsak bygningar/anlegg frå før 1900. Det er dei bygningane som ikkje er funne så antikvarisk verdifulle at spesielle vernetiltak er nødvendige. Her gjeld plan- og bygningslova sine generelle reglar og ein føreset at dei får vanleg behandling i forvaltninga.

## 4.4. Forvaltning av landbruksressursane i Lærdal

### 4.4.1. Kommunal strategi

I følgje kommunen sin kommuneplan, mål- og strategiar 1999-2010, er målsetjinga for landbruket: ”*Oppretthalde sysselsetjing gjennom eit miljøvenleg og tilpassingsdyktig landbruk*”. Andre delmål i plandokumentet er mellom anna; ”*sikre kulturlandskap og kulturminne gjennom aktiv bruk*” og ”*ha ei bevist haldning i høve forvaltning av areala i kommuneplanen*”

### 4.4.2. Nasjonale mål og føringar

For å redusera omdisponering av jordressursane i Noreg, har Landbruks- og matdepartementet sett som mål å halvera årleg omdisponering innan 2010. Det er og ei nasjonal målsetjing å sikra ei berekraftig ressursforvaltning ved å ta vare på og halda vedlike kulturlandskapet. Eit viktig hjelpemiddel for å nå dette målet, er at kommunane har ein klar og langsiktig politikk på dette feltet.

Jordlova er ein viktig reiskap i arbeidet med å ta vare på jordressursane. I formålsparagrafen heiter det mellom anna: ”*Denne lov har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket*.”
Dette er eit formål både statleg- og lokal landbruksforvaltning legg til grunn i sitt arbeid med å ta vare på jordressursane.

Plan- og bygningslova er og eit viktig styringsverktøy for kommunen ved forvaltning av naturressursane. Ei rekkje andre lover er og sentrale, som til dømes skoglova, viltlova, kulturminnelova og friluftslova.

### 4.4.3. Reglar for omdisponering og deling av fulldyrka jord

Administrasjonen kan etter gjeldande delegasjonsreglement, og i medhald av jordlova, gje løyve til omdisponering av jordbruksareal inntil 2 daa. Administrasjonen kan og i medhald av Jordlova gje løyve til deling av jordbruksareal inntil 2 daa.
Omdisponering og deling av areal større enn 2 daa treng politisk handsaming. Det same gjeld for deling av driftseining.

### 4.4.4. Busettingsmønster – bygningar i landbruket

Lærdal kommune skal legga til rette for omdisponering av areal til bustader som skal nyttast av eigar på gardsbruk. Det skal og leggast til rette for omdisponering av mindre areal i samband med næringsutvikling på gardsbruk, t.d. driftsbygningar eller andre næringsbygg som kan vera med på styrking av innteninga på bruket og ta vare på driftsgrunnlaget. Vidare skal det leggast til rette for spreidd busetnad.

### 4.4.5. Viltforvaltning

I all utmarksrelatert planarbeid bør det takast omsyn til hjorteviltet sitt bruk av arealet.

## 4.5. Økonomiske verkemiddel

***Det er mange ulike støtteordningar som gjeld for istandsetjing av kulturminne, kulturmiljø, kulturlandskap og tiltak i utmark. Landbruket har ulike støtteordningar til produksjon, drift, vedlikehald og investeringar. Aktuelle støtteordningar vert her kort omtala. Miljøverndepartementet gjev årleg ut eit rundskriv som informerer om støtteordningar, søknadsskriving og søknadsfristar.***

**Bu-midlane**
